

Dato: 09.03.2017

Arkiv: 040

Kontrollutvalet i Ørsta

SAK 03/17 OSGEILA

Forslag til vedtak

Vedlegg

1. Melding til kontrollutvalet frå Janne G. Vatne og Morten Ose, motteke 03.02.2017.
2. Oppsett møteprotokollar Samfunnsutvalet i Ørsta – PS 49/16 Osgeil- saka, 2016 – pt. 2017

Saksopplysning

Kontrollutvalet har registrert at handsaminga av PS 49/16 Trafikktrygging i Osgeila, har vore ein følgjetong i lokalavisene siste halvåret.

I byrjinga av februar fekk kontrollutvalet inn ei melding frå oppsitjarar der det vert stilt nokre spørsmål kring handsaminga av saka i Samfunnsutvalet (vedlegg 1).

Vest kontroll – kontrollutvalssekretariat har gått gjennom møteprotokollar frå Samfunnsutvalet der Osgeil-saka har vore handsama. Etter det ein kan sjå er der grunnlag for å reise spørsmål m.a. kring habilitet til medlem i Samfunnsutvalet når saka har vore handsama, bruk av lukking av møte og grunnlag for bruk av fvl. §41 for å kjenne vedtak ugyldig.

Rådmannen sin inhabilitet vart gjort kjent i mai 2016, og ein settehandsamar skulle setjast inn. Etter kvart vart dette endra til at ein skulle nytte ei settekommune. På nyåret 2017 vart det kjent at ein settekommune framleis ikkje var på plass. No først er Ulstein kommune på plass som settekommune i saka. Dette reiser mellom anna spørsmål til administrasjonen si handtering av saker med habilitetsproblematikk.

Kontrollutvalet ynskjer å bli orientert om saka og handsaminga av saka, både av Samfunnsutvalet og administrasjonen i Ørsta kommune.


Frå **Samfunnsutvalet** ynskjer kontrollutvalet ei orientering kring dei spørsmåla som er skissert ovanfor. Leiar i Samfunnsutvalet Inge Kolås er beden om møte for å orientere samt svare på spørsmål i høve dette og handsaminga av denne saka i Samfunnsutvalet.

Frå **administrasjonen** ynskjer kontrollutvalet mellom anna å verte orienterte om denne si handtering av Osgeil-saka; habilitet vs saksutgreiing og settehandsamar/-kommune. Stabsleiar Plan og utvikling Eldar Rune Øye er beden om å orientere samt svare på spørsmål i høve dette (prosessuelle). Han har fungert som rådmann i møta i Samfunnsutvalet.

Rådmann Wenche Solheim er beden om å møte for å gjere greie for si rolle, handtering og aktivitet i Osgeil-saka.

Vidare handsaming?

Informasjonen som allereie forelegg samt den som kjem fram i møtet, vil danne grunnlag for kontrollutvalet si vurdering av saka, og eventuelt gjere vedtak om korleis den skal handterast vidare. Om ein treng meir informasjon for vidare handsaming i kontrollutvalet eller om ein ser det nødvendig med ei uavhengig vurdering.



Jostein Støylen
Dagleg leiar



Sigrid Aa. Torbjørnson
Konsulent

Kontrollutvalet i Ørsta

Melding til kontrollutvalet frå Janne G. Vatne og Morten Ose, motteke 03.02.2017.

Vedlegg til

ØR 01-17 SAK 03/17 OSGEILA

Melding til kontrollutvalet

Kopi: ordfører og leiar i SFU

Sak om Osgeila, Eliholen og Hansholen

SFU i Ørsta har handsama sak om Osgeila i fleire møter og vi ber kontrollutvalet om å sjå på spørsmåla nedanfor:

Møte 10.mai 2016

Frå protokollen:

PS49/16 Trafikktrygging i Osgeila

Pauline Vartdal Vinjevoll (FRP) tok seteatt(9 r.f.)

Alexander Riise Olsen(AP)fekk permisjon (8 r.f.)

Saksprotokoll i samfunnsutvalet -10.05.2016

VEDTAK:

Samfunnsutvalet ønskjer at administrasjonen syter for at det vert sett opp skilt med "gangveg" i tillegg til "innkøyring forbode". I tillegg vert administrasjonen oppmoda om å sende brev til grendeutvalet og oppsitjarane med varsel om at Ørsta kommune på oppmoding vil vurdere tiltak for å sikre at trafikken i Osgeila er forsvarleg, og i samsvar med skilting. Eit mogleg tiltak er bom. Det må setjast svarfrist for innspel. Etter svarfristen vil samfunnsutvalet ha seg førelagt ei sak med vurderingar og konklusjonar.

Handsaminga (8 r.f.)

Det vart halde synfaring i Osgeila før møtet.

Samfunnsutvalet ønskjer at administrasjonen syter for at det vert sett opp skilt med "gangveg" i tillegg til "innkøyring forbode". I tillegg vert administrasjonen oppmoda om å sende brev til grendeutvalet og oppsitjarane med varsel om at Ørsta kommune på oppmoding vil vurdere tiltak for å sikre at trafikken i Osgeila er forsvarleg, og i samsvar med skilting. Eit mogleg tiltak er bom. Det må setjast svarfrist for innspel. Etter svarfristen vil samfunnsutvalet ha seg førelagt ei sak med vurderingar og konklusjonar.

Vedteke med 8 mot 0 røyster

Spørsmål:

Medlem Karl Asgeir Sæbønes har seinare (i 2017) behandlingar av saka meldt seg inhabil. Vi stiller spørsmål ved hans habilitet ved handsaming av saka i møtet 10.mai 2016.

Møte 6. september 2016

Frå protokollen:

PS83/16 Trafikktrygging i Osgeila

Hege Robudal Stenkløv tok sete att (8 r.f.)

Saksprotokoll i samfunnsutvalet - 06.09.2016

VEDTAK:

Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila: Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring.

Handsaminga (8 r.f.)

Samfunnsutvalet handsama saka i møte 10.05.16, PS 49/16, og ønskjer at det vert sett

i verk tiltak snarast mogleg. På grunn av rådmannen sin ugildskap, vert det arbeida med å skaffe ei settekommune. Samfunnsutvalet sender difor eit oversendingsframlegg til vedk. settekommune:
Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila: Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert for snarleg avklaring. Oversendingsframlegget vart vedteke med 8 mot 0 røyster

Spørsmål:

Var saka godt nok opplyst/utgreidd til at SFU kunne gjere slikt vedtak?

Møte 3.januar 2017

Frå protokollen:

Orientering før møtet:

Lensmann i Volda/Ørsta, Guttorm Hagen, orienterte om moglege løysingar for trafikkavvikling i

Osgeila, både på kort og lang sikt.

Møtet vart sett kl. 13:20:

Leiar Inge Kolås (FRP) fremja ønskje om synfaring til Osgeila.

Karl Asgeir Sæbønes (SP) ville ha sin gildskap vurdert, då han er far til oppsitjar i Osgeila, han

gjekk frå (8 r.f.).

Samfunnsutvalet kjende Karl Asgeir Sæbønes ugild etter fvl. § 6 b).

Cato Engen (SP) tok sete som vara for Karl Asgeir Sæbønes (9 r.f.)

Samfunnsutvalet vedtok samrøystes å ta synfaring i Osgeila.

PS3/17 Skiltplan/trafikktrygging Osgeila

Saksprotokoll i samfunnsutvalet - 03.01.2017

VEDTAK:

(Vedtaket er gjeldande inntil ny skiltplan/nye vegløyser er etablerte i området)

Samfunnsutvalet ønskjer å gjere om inkje eksisterande skiltplan dat.15.05.97, godkjent 06.08.97. Dette gjeld områda som har med Osgeila, Andersholen, Eliholen og Hansholen å gjere. Samfunnsutvalet tilrår at området tilstøytande Osgeila vert sett på som ei samla einheit, der Osgeila ikkje vert stengd for intern gjennomgangstrafikk. Samfunnsutvalet tilrår at det vert innført 30 km sone i heile det området som dette midlertidige vedtaket omfattar.

Det vert vidare plassert inn 3 stk. fartsdumpar i Osgeila (2 stk. på flata nede, og 1 stk. i området Andersholen, Eliholen og Hansholen). Framlegget vert sendt på høyring til bebruarane i området. Bebruarane kan medverke til plassering av fartsdumpane i høyringa, og på eit ope møte der også lensmannen deltek, for å ivareta trafikktryggingsspørsmål i samband med plassering av fartsdumpane.

Det vert sett opp eit gjennomkøyring forbode-skilt i krysset Hansholen – Osborgvegen, med oppfølgingsskilt i krysset Osholane - Hansholen. Gjennomkøyring forbode-skilt vert plassert ved krysset Melsvegen – Osgeila.

Ørsta kommune skal i vinterhalvåret alltid ha fokus på strøing/salting i Osgeila. Kommunen skal vidare etablere ei ekstra sandkasse i nedre del av bakken, for å kunne medverke til avbøtande tiltak i glatte periodar.

Rådmann/teknisk sektor nedteiknar eit detaljert konsept av framlegg til endra skiltplan, jf. vedtak i samfunnsutvalet 03.01.17.

Spørsmål:

SFU har i sitt møte 31.januar gjort vedtaket frå 3.januar om inkje grunna at dei no meiner saka ikkje var godt nok opplyst. Korleis kan dei då meine at vedtaket frå september (eller delar av det) skal stå?

Kan ei sak som ikkje var godt nok opplyst i januar 2017 ha vore god nok til vedtak i september 2016?

Møte 31.januar 2017

Frå protokollen:

Karl Asgeir Sæbønes (SP) gjekk frå (8 r.f.)

Cato Engen (SP) tok sete (9 r.f.)

PS 7/17 Saksgang Osgeila

Saksprotokoll i samfunnsutvalet - 31.01.2017

VEDTAK:

1. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 03.01.2017 vert gjort om inkje.
2. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 06.09.2016 vert ståande. Oversendingsframlegget i første avsnitt, om å vurdere fjernstyrt bom, skal ikkje sjåast på som ei politisk føring eller bestilling til settekommunen når det gjeld kortsiktige tiltak i Osgeila.

For orden skuld vert vedtaket frå 06.09.16 referert:

"Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila:

Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring".

Bakgrunnen for at vedtaket vert gjort om inkje, er at sakshandsaminga ikkje tilfredsstillar dei alminnelige prinsipp om forsvarlig sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova. Etter at vedtak av 03.01.2017 vart fatta har det mellom anna kome fram opplysningar det ikkje er teke omsyn til ved saksførebuinga. Vidare er det ved saksførebuinga ikkje følgt dei alminnelige prinsippa for utredning av saka sine faktiske forhold. Dette er ikkje i tråd med prinsippa for forsvarleg sakshandsaming og for god forvaltningsskikk. Medlemane er av den oppfatning at feilen har hatt innverknad på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Vi ber om svar på følgjande spørsmål:

- Vi ber om å få framlagt den skriftlege korrespondansen med Skjåk kommune som viser kva mandat Skjåk kommune har fått, og tilsvaret frå Skjåk kommune (skriftleg dokumentasjon).

Handsaminga (9 r.f.)

Karl Asgeir Sæbønes (SP) ville ha sin gildskap vurdert då han er far til part i saka, og gjekk frå (8 r.f.) . Karl Asgeir Sæbønes vart kjend ugild etter fvl. § 6 b).

Cato Engen (SP) tok sete som vara for Karl Asgeir Sæbønes (9 r.f.).

Inge Kolås (FRP) fremja forslag til vedtak:

Samfunnsutvalet støttar at Skjåk kommune v. rådmannen, er valgt som settesakshandsamarkommune for Osgeilsaka.

Settekommune/rådmann skal vurdere alle sider av denne saka før ny tilråding og ny handsaming i samfunnsutvalet i Ørsta. Samfunnsutvalets vedtak 06.09.16, og vedtak 03.01.17 vert gjort om inkje. Begge desse vedtak 06.09.16 og 03.01.17, vert gjort om til oversendingsframlegg som innspel til setterrådmannen i Skjåk.

Dersom tidlegare utval har gjort vedtak/uttaler i saka, vert vedtaka gjort om inkje og oversendt som oversendingsframlegg, og som innspel til arbeidet.

Setterrådmannen i Skjåk skal ha tilsendt alle saksopplysningar, gjeldande reguleringsplaner, påstarta reguleringsarbeid i saka. Samfunnsutvalet ber om at rådmannen i Skjåk startar på høyringa/arbeidet i saka snarast.

Gjeldande skiltløysingar i området er gjeldande inntil ny midlertidig skiltplan er godkjend av vegvesenet.

Hege Robudal Stenkløv (H) fremja forslag til vedtak:

1. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 03.01.2017 vert gjort om inkje.
2. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 06.09.2016 vert ståande.

For orden skuld vert vedtaket frå 06.09.16 referert:

"Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila:

Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring".

Bakgrunnen for at vedtaket vert gjort om inkje, er at sakshandsaminga ikkje tilfredsstillar dei alminnelige prinsipp om forsvarlig sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova. Etter at vedtak av 03.01.2017 vart fatta har det mellom anna kome fram opplysningar det ikkje er teke omsyn til ved saksførebuinga. Vidare er det ved saksførebuinga ikkje følgt dei alminnelige prinsippa for utredning av saka sine faktiske forhold. Dette er ikkje i tråd med prinsippa for forsvarleg sakshandsaming og for god forvaltningsskikk. Medlemane er av den oppfatning at feilen har hatt innverknad på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Vi ber om svar på følgjande spørsmål:

- Vi ber om å få framlagt den skriftlege korrespondansen med Skjåk kommune som viser kva mandat Skjåk kommune har fått, og tilsvaret frå Skjåk kommune (skriftleg dokumentasjon).

Inge Kolås fremja ønske om gruppemøte. Gruppemøte frå kl. 14:00 – kl. 15:00

Etter gruppemøtet:

Inge Kolås (FRP) endra framlegget sitt slik:

Samfunnsutvalet vel Skjåk kommune som settekommune for Osgeilsaka. Settekommunen skal vurdere alle sider av denne saka før ny tilråding og ny handsaming i samfunnsutvalet i Ørsta. Samfunnsutvalet sitt vedtak 06.09.16, og vedtak 03.01.17 vert gjort om inkje.

Settekommunen skal ha tilsendt alle saksopplysningar, gjeldande reguleringsplanar, påstarta reguleringsarbeid i saka. Skiltløysingar i området er gjeldande inntil ny midlertidig skiltplan er godkjent av vegvesenet. Samfunnsutvalet ber om at ordføraren avklarar det endra oppdraget med settekommunen.

Hege Robudal Stenkløv (H) endra framlegget sitt slik:

1. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 03.01.2017 vert gjort om inkje.
2. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 06.09.2016 vert ståande. Men oversendingsframlegget i første avsnitt, om å vurdere fjernstyrt bom, skal ikkje sjåast på som ei politisk føring eller bestilling til settekommunen når det gjeld kortsiktige tiltak i Osgeila.

For orden skuld vert vedtaket frå 06.09.16 referert:

"Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila:

Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring".

Bakgrunnen for at vedtaket vert gjort om inkje, er at sakshandsaminga ikkje tilfredsstillar dei alminnelige prinsipp om forsvarlig sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova. Etter at vedtak av 03.01.2017 vart fatta har det mellom anna kome fram opplysningar det ikkje er teke omsyn til ved saksførebuinga. Vidare er det ved saksførebuinga ikkje følgt dei alminnelige prinsippa for utredning av saka sine faktiske forhold. Dette er ikkje i tråd med prinsippa for forsvarleg sakshandsaming og for god forvaltningsskikk. Medlemane er av den oppfatning at feilen har hatt innverknad på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Vi ber om svar på følgjande spørsmål:

- Vi ber om å få framlagt den skriftlege korrespondansen med Skjåk kommune som viser kva mandat Skjåk kommune har fått, og tilsvaret frå Skjåk kommune (skriftleg dokumentasjon).

Ved røysting:

Inge Kolås sitt endra framlegg fekk 3 røyster

Hege Robudal Stenkløv sitt endra framlegg fekk 6 røyster og vart vedteke

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Spørsmål:

Det vart bestemt gruppemøte, men utan heimel, så pressa var tilstades. På kva grunnlag kan SFU stenge publikum ute frå debatten som varte 1 time?

Vi som oppsitjarar vart sittande å vente og må lese i Møre-Nytt kva som skjedde på møtet. Er dette rett politisk framgangsmåte?

Til slutt:

Det vart sagt i kommunestyremøtet 26.januar då Osgeila vart drøfta, at snarvegane ikkje løner seg. Det kan vi som har venta på ny veg sidan 70-talet vere einige i. Skjåk kommune får ei vanskeleg sak, men vi forventar at vedtaket frå 3.januar snarast vert vedteke på nytt medan vi ventar på ny veg.

Mvh

Janne G. Vatne og Morten Ose

Kontrollutvalet i Ørsta

Oppsett møteprotokollar Samfunnsutvalet i Ørsta

– PS 49/16 Osgeil- saka, 2016 – pt. 2017

Vedlegg til

ØR 01-17 SAK 03/17 OSGEILA

OPPSETT MØTEPROTOKOLLAR SAMFUNNSUTVALET I ØRSTA – PS 49/16 OSGEIL- SAKA, 2016 – PT. 2017

<https://www.orsta.kommune.no/politikk/motedokument/samfunnsutvalet/>

Nedanfor er utskrifter av møteprotokollar frå samfunnsutvalsmøte der saka har vore handsama. Under kvar utskrift er link til møteprotokollen i si heilheit.

- **26.01.2016:**

«...

Spørsmål i møtet:

Karl Asgeir Sæbønes (SP): Kva tenkjer kommunen å gjere i samband med dei trafikale problema som har oppstått i Osgeila? Trafikken her har auka etter at REMA1000 og bensinstasjon vart oppretta på Ose, til tross for at Osgeila er skilta med gjennomkjøring forbudt. Administrasjonen vil kome med ei orientering vedk. denne saka på neste møte i samfunnsutvalet. ...»

[file:///tavg-xa01-xvm/hjemmekatalog\\$/utorsig00/Downloads/Protokoll%20SFU%2026.01.16.pdf](file:///tavg-xa01-xvm/hjemmekatalog$/utorsig00/Downloads/Protokoll%20SFU%2026.01.16.pdf)

- **05.04.2016:**

«...

SPØRSMÅL I MØTET:

Karl Asgeir Sæbønes (SP):

- Har administrasjonen svara grendautvalet i Osgeila på bekymringsmeldinga som vart sendt til kommunen for eitt år sidan? Kan kommunen bidra til å gjere Osgeila tryggare for mjuke trafikantar?
- Ber om at samfunnsutvalet tek ei synfaring på staden, og inviterar grendeutvalet til å vere tilstades. ... »

<https://drive.google.com/drive/folders/0B8HnzDq3wtJLWE44dWlYeG51bFU>

- **10.05.2016:**

«...

PS 49/16 Trafikktrygging i Osgeila

Pauline Vartdal Vinjevoll (FRP) tok sete att (9 r.f.)

Alexander Riise Olsen (AP) fekk permisjon (8 r.f.)

Saksprotokoll i samfunnsutvalet – 10.05.2016

VEDTAK:

Samfunnsutvalet ønskjer at administrasjonen syter for at det vert sett opp skilt med «Gangveg» i tillegg til «innkøyring forbode». I tillegg vert administrasjonen oppmoda om å sende brev til

grendeutvalet og oppsitjarane med varsel om at Ørsta kommune på oppmoding vil vurdere tiltak for å sikre at trafikken i Osgeila er forsvarleg, og i samsvar med skilting. Eit mogleg tiltak er bom. Det må setjast svarfrist for innspel. Etter svarfristen vil samfunnsutvalet ha seg førelagt ei sak med vurderingar og konklusjonar.

Handsaminga (8 r.f.)

Det vart halde synfaring i Osgeila før møtet.

Samfunnsutvalet ønskjer at administrasjonen syter for at det vert sett opp skilt med «Gangveg» i tillegg til «innkøyring forbode». I tillegg vert administrasjonen oppmoda om å sende brev til grendeutvalet og oppsitjarane med varsel om at Ørsta kommune på oppmoding vil vurdere tiltak for å sikre at trafikken i Osgeila er forsvarleg, og i samsvar med skilting. Eit mogleg tiltak er bom. Det må setjast svarfrist for innspel. Etter svarfristen vil samfunnsutvalet ha seg førelagt ei sak med vurderingar og konklusjonar.

Vedteke med 8 mot 0 røyster ...»

<https://drive.google.com/drive/folders/OB8HnzDq3wtJLdk1pN1I2bHI0a0U>

- **06.09.2016:**

«...

PS 83/16 (i innkallinga) - 84/16 (i møteprotokollen)

Hege Robusdal Stenkløv tok sete att (8 r.f.)

Saksprotokoll i samfunnsutvalet – 06.09.2016

VEDTAK:

Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila:

Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring.

Handsaminga (8 r.f)

Samfunnsutvalet handsama saka i møte 10.05.16, PS 49/16, og ønskjer at det vert sett i verk tiltak snarast mogleg. På grunn av rådmannen sin ugildskap, vert det arbeida med å skaffe ei settekommune. Samfunnsutvalet sender difor eit oversendingsframlegg til vedk. settekommune:

Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila:

Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert for ei snarleg avklaring.

Oversendingsframlegget vart vedteke med 8 mot 0 røyster ...»

<https://drive.google.com/drive/folders/OB8HnzDq3wtJLWjlxYnNTSEM4V2s>

- **29.11.2016:**

«...

PS 95/16 Referat og meldingar

Saksprotokoll i samfunnsutvalet - 29.11.2016

Handsaminga (8 r.f.)

Referat og meldingar vart refererte med kommentarar til RS 44/16 og RS 45/16 RS 36/16
Områdeplan for Ørsta sentrum - varsel om oppstart (sak nr. 2015/1894)

RS 37/16 Detaljreguleringsplan for fleirbrukshall i Ørsta sentrum - offentleg ettersyn

RS 38/16 Detaljreguleringsplan for B11 Mosbakkane - planframlegg til offentleg ettersyn

RS 39/16 Detaljreguleringsplan for Kolåsbyggane hyttegrend - planframlegg til offentleg ettersyn

RS 40/16 Kommuneplanlegging og jordvern - Endra til PS 105/16

RS 41/16 Parkeringsplassar - nytt legesenter

RS 42/16 Svar fra KMD vedr. innløyising av festetomt og tryggleikskrava i pbl RS 43/16 Vedtak -
Møteplan 2017 - Formannskapet, kommunestyret, leveårsutvalet og samfunnsutvalet

RS 44/16 Osgeila - kva blir løysinga for oss i Eliholen og Hansholen?

- *Eldar Øye orienterte kort om at det er valt ein settesakshandsamar frå Vegvesenet i samband med saka «trafikktrygging i Osgeila».*

S 45/16 Kommunalteknikk – investering 2016 – status 28.11.2016 - Rolf Magnus Sundgot orienterte om framgangen vedk. midlertidige busskur på rutebilstasjonen. Roger Vartdal vert invitert med i det vidare arbeidet som fagperson.

...»

[file:///tavc-xa01-xvm/hjemmekatalog\\$/utorsig00/Downloads/Protokoll%20SFU%2029.11.16.pdf](file:///tavc-xa01-xvm/hjemmekatalog$/utorsig00/Downloads/Protokoll%20SFU%2029.11.16.pdf)

- **03.01.2017:**

«...

Orientering før møtet:

Lenmann i Volda /Ørsta, Guttorm Hagen, orienterte om moglege løysingar for trafikkavvikling i Osgeila, både på kort og lang sikt.

Møtet vart sett kl.13.20:

Leiar Inge Kolås (FRP) fremja ønskje om synfaring til Osgeila.

Karl Asgeir Sæbønes (SP) ville ha sin gildskap vurdert, då han er far til oppsitjar i Osgeila, han gjekk frå (8 r.f.).

Samfunnsutvalet kjende Karl Asgeir Sæbønes ugild etter fvl. §6b).

Cato Engen (SP) tok sete som vara for Karl Asgeir Sæbønes (9 r.f.).

Samfunnsutvalet vedtok samrøystes å ta synfaring i Osgeila.

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i samfunnsutvalet – 03.01.2017

Handsaminga (9 r.f.)

Innkallinga vart godkjent med merknad

Saklista vart godkjent med ekstar referatsaker RS 14/17 – RS 17/17

Merknad til innkalling:

Astrid Bjørdal (AP):

Kritisk til innkallinga, då det tidlegare har vore bestemt at det skal brukast settekommune/settesakshandsamar.

Hege Robul Stenkløv (H):

Leiar Inge Kolås har dokument frå 1997/1998 vedk. saka. Kvifor er ikkje desse sendt ut til resten av medlema?

Eldar Øye, rådmann i møtet:

Settesakshandsamar har vore kontakta, men ting har ikkje vorte som førespegla. Leiar i samfunnsutvalet har difor teke initiativ til dette møtet.

Dokumenta frå 1997/1998 har ikkje kome møtesekretær i hende, og er difor ikkje sendt ut.

Tilleggssaker:

Sendt ut på e-post før møtet:

- Trafikktrygging på Ose. Innspel til møte i Samfunnsutvalet 3/1 2017 – fekk saksnummer RS 14/17
- Brev til Samfunnsutvalet sitt møte 03.01.17 – fekk saksnummer RS 15/17
- Mellombels skiltregulering Osgeila – Hansholen. – fekk saksnummer RS 16/17

Kopiert opp og delt ut i møtet:

- Dokument frå 1997/1998 vedk. skiltplan/trafikktrygging i Osgeila – fekk saksnummer RS 17/17

PS 2/17 Referat og meldingar

Saksprotokoll i samfunnsutvalet – 03.01.2017

Handsaminga (9 r.f.)

Referat og meldingar vart refererte utan merknadar.

....

PS 3/17 Skiltplan/trafikktrygging Osgeila

Saksprotokoll i samfunnsutvalet – 03.01.2017

VEDTAK:

(Vedtaket er gjeldande inntil ny skiltplan/nye vegløyningar er etablerte i området)

Samfunnsutvalet ønskjer å gjere om inkje eksisterande skiltplan dat. 15.15.97, godkjent 06.08.97. Dette gjeld områda som har med Osgeila, Andersholen, Eliholen og Hansholen å gjere.

Samfunnsutvalet tilrår at området tilstøytande Osgeila vert sett på som ei samla einheit, der Osgeila ikkje vert stengd for intern gjennomgangstrafikk. Samfunnsutvalet tilrår at det fert innført 30 km sone i heile det området som dette midlertidige vedtaket omfattar.

Det vert vidare plassert inn 3 stk. fartsdumpar i Osgeila (2 stk. på flata nede, og 1 stk i området Andersholen, Eliholen og Hansholen). Framlegget vert sendt på høyring til bebruarane i området. Bebruarane kan medverke tilplassering av fartsdumpane i høyringa, og på eit ope møte der lensmannen deltek, for å ivareta trafikktryggingsspørsmål i samband med plassering av fartsdumpane.

Det vert sett opp eit gjennomkøyring forbode-skilt i krysset Hansholen – Osborgvegen, med oppfølgingsskilt i krysset Osholane- Hansholen. Gjennomkøyring forbode – skilt vert plassert ved krysset Melsvegen – Osgeila.

Ørsta kommune skal i vinterhalvåret alltid ha fokus på strøing/salting i Osgeila. Kommunen skal vidare etablere ei eikstar sandkasse i nedre del av bakken for å kinne medverke til avbøtande tiltak i glatte periodar.

Rådmann/teknisk sektor nedteiknar eit detaljert konsept av framlegg til endra skiltplan, jf. vedtak i samfunnsutvalet 03.01.17.

Handsaminga (9 r.f.)

Inge Kolås (FRP) fremja forslag til vedtak:

(Vedtaket er gjeldande inntil ny skiltplan/nye vegløyningar er etablerte i området)

Samfunnsutvalet ønskjer å gjere om inkje eksisterande skiltplan dat.15.05.97, godkjent 06.08.97. Dette gjeld områda som har med Osgeila, Andersholen, Eliholen og Hansholen å gjere.

Samfunnsutvalet tilrår at området tilstøytande Osgeila vert sett på som ei samla einheit, der der Osgeila ikkje vert stengd for intern gjennomgangstrafikk. Samfunnsutvalet tilrår at det fert innført 30 km sone i heile det området som dette midlertidige vedtaket omfattar.

Det vert vidare plassert inn 3 stk. fartsdumpar i Osgeila (2 stk. på flata nede, og 1 stk i området Andersholen, Eliholen og Hansholen). Framlegget vert sendt på høyring til bebruarane i området. Bebruarane kan medverke tilplassering av fartsdumpane i høyringa, og på eit ope møte der lensmannen deltek, for å ivareta trafikktryggingsspørsmål i samband med plassering av fartsdumpane.

Det vert sett opp eit gjennomkøyring forbode-skilt i krysset Hansholen – Osborgvegen, med oppfølgingsskilt i krysset Osholane- Hansholen. Gjennomkøyring forbode – skilt vert plassert ved krysset Melsvegen – Osgeila.

Ørsta kommune skal i vinterhalvåret alltid ha fokus på strøing/salting i Osgeila. Kommunen skal vidare etablere ei eikstar sandkasse i nedre del av bakken for å kinne medverke til avbøtande tiltak i glatte periodar.

Rådmann/teknisk sektor nedteiknar eit detaljert konsept av framlegg til endra skiltplan, jf. vedtak i samfunnsutvalet 03.01.17.

Inge Kolås sitt framlegg vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding. ...»

<https://drive.google.com/drive/folders/OB8HnzDq3wtJLRXRvbEg0TUlrUlk>

- **31.01.2017:**

«...

Karl Asgeir Sæbønes (SP) gjekk frå (8 r.f.)

Cato Engen (SP) tok sete (9 r.f.)

PS 7/17 Saksgang Osgeila

Saksprotokoll i samfunnsutvalet - 31.01.2017

VEDTAK:

1. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 03.01.2017 vert gjort om inkje.
2. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 06.09.2016 vert ståande. Oversendingsframlegget i første avsnitt, om å vurdere fjernstyrt bom, skal ikkje sjåast på som ei politisk føring eller bestilling til settekommunen når det gjeld kortsiktige tiltak i Osgeila.

For orden skuld vert vedtaket frå 06.09.16 referert:

"Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila: Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring".

Bakgrunnen for at vedtaket vert gjort om inkje, er at sakshandsaminga ikkje tilfredsstillar dei alminnelige prinsipp om forsvarlig sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova. Etter at vedtak av 03.01.2017 vart fatta har det mellom anna kome fram opplysningar det ikkje er teke omsyn til ved saksførebuinga. Vidare er det ved saksførebuinga ikkje følgt dei alminnelige prinsippa for utredning av saka sine faktiske forhold. Dette er ikkje i tråd med prinsippa for forsvarleg sakshandsaming og for god forvaltningsskikk. Medlemane er av den oppfatning at feilen har hatt innverknad på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Vi ber om svar på følgjande spørsmål:

- Vi ber om å få framlagt den skriftlege korrespondansen med Skjåk kommune som viser kva mandat Skjåk kommune har fått, og tilsvaret frå Skjåk kommune (skriftleg dokumentasjon).

Handsaminga (9 r.f.)

Karl Asgeir Sæbønes (SP) ville ha sin gildskap vurdert då han er far til part i saka, og gjekk frå (8 r.f.) .

Karl Asgeir Sæbønes vart kjend ugild etter fvl. § 6 b).

Cato Engen (SP) tok sete som vara for Karl Asgeir Sæbønes (9 r.f.).

Inge Kolås (FRP) fremja forslag til vedtak:

Samfunnsutvalet støttar at Skjåk kommune v. rådmannen, er valgt som settesakshandsamarkommune for Osgeilsaka.

Settekommune/rådmann skal vurdere alle sider av denne saka før ny tilråding og ny handsaming i samfunnsutvalet i Ørsta. Samfunnsutvalets vedtak 06.09.16, og vedtak 03.01.17 vert gjort om inkje. Begge desse vedtak 06.09.16 og 03.01.17, vert gjort om til oversendingsframlegg som innspel til setterrådmannen i Skjåk.

Dersom tidlegare utval har gjort vedtak/uttaler i saka, vert vedtaka gjort om inkje og oversendt som oversendingsframlegg, og som innspel til arbeidet.

Setterrådmannen i Skjåk skal ha tilsendt alle saksopplysningar, gjeldande reguleringsplaner, påstarta reguleringsarbeid i saka. Samfunnsutvalet ber om at rådmannen i Skjåk startar på høyringa/arbeidet i saka snarast.

Gjeldande skiltløysingar i området er gjeldande inntil ny midlertidig skiltplan er godkjend av vegvesenet.

Hege Robudal Stenkløv (H) fremja forslag til vedtak:

1. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 03.01.2017 vert gjort om inkje.
2. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 06.09.2016 vert ståande.

For orden skuld vert vedtaket frå 06.09.16 referert:

"Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila: Som følgje av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsutvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring".

Bakgrunnen for at vedtaket vert gjort om inkje, er at sakshandsaminga ikkje tilfredsstiller dei alminnelige prinsipp om forsvarlig sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova. Etter at vedtak av 03.01.2017 vart fatta har det mellom anna kome fram opplysningar det ikkje er teke omsyn til ved saksførebuinga. Vidare er det ved saksførebuinga ikkje følgt dei alminnelige prinsippa for utredning av saka sine faktiske forhold. Dette er ikkje i tråd med prinsippa for forsvarleg sakshandsaming og for god forvaltningsskikk. Medlemene er av den oppfatning at feilen har hatt innverknad på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Vi ber om svar på følgjande spørsmål:

- Vi ber om å få framlagt den skriftlege korrespondansen med Skjåk kommune som viser kva mandat Skjåk kommune har fått, og tilsvaret frå Skjåk kommune (skriftleg dokumentasjon).

Inge Kolås fremja ønske om gruppemøte. Gruppemøte frå kl. 14:00 – kl. 15:00

Etter gruppemøtet:

Inge Kolås (FRP) endra framlegget sitt slik:

Samfunnsutvalet vel Skjåk kommune som settekommune for Osgeilsaka. Settekommunen skal vurdere alle sider av denne saka før ny tilråding og ny handsaming i samfunnsutvalet i Ørsta. Samfunnsutvalet sitt vedtak 06.09.16, og vedtak 03.01.17 vert gjort om inkje. Settekommunen skal ha tilsendt alle saksopplysningar, gjeldande reguleringsplanar, påstarta reguleringsarbeid i saka. Skiltløysingar i området er gjeldande inntil ny midlertidig skiltplan er godkjent av vegvesenet. Samfunnsutvalet ber om at ordføraren avklarar det endra oppdraget med settekommunen.

Hege Robudal Stenkløv (H) endra framlegget sitt slik:

1. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 03.01.2017 vert gjort om inkje.
2. Samfunnsutvalet sitt vedtak av 06.09.2016 vert ståande. Men oversendingsframlegget i første avsnitt, om å vurdere fjernstyrt bom, skal ikkje sjåast på som ei politisk føring eller bestilling til settekommunen når det gjeld kortsiktige tiltak i Osgeila.

For orden skuld vert vedtaket frå 06.09.16 referert:

"Oversendingsframlegg til oppnemnd settekommune i sak om trafikktrygging i Osgeila: Som følge av at samfunnsutvalet er trafikktryggingsnemnd i kommunen, delegert frå Ørsta kommunestyre, ber samfunnsutvalet om at settekommunen vurderer fjernstyrt bom som løysing. Samfunnsvalet ber om at saka vert prioritert og gitt ei snarleg avklaring".

Bakgrunnen for at vedtaket vert gjort om inkje, er at sakshandsaminga ikkje tilfredsstillar dei alminnelige prinsipp om forsvarlig sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova. Etter at vedtak av 03.01.2017 vart fatta har det mellom anna kome fram opplysningar det ikkje er teke omsyn til ved saksførebuinga. Vidare er det ved saksførebuinga ikkje følgt dei alminnelige prinsippa for utredning av saka sine faktiske forhold. Dette er ikkje i tråd med prinsippa for forsvarleg sakshandsaming og for god forvaltningsskikk. Medlemane er av den oppfatning at feilen har hatt innverknad på vedtaket, jf. fvl. § 41.

Vi ber om svar på følgjande spørsmål:

- Vi ber om å få framlagt den skriftlege korrespondansen med Skjåk kommune som viser kva mandat Skjåk kommune har fått, og tilsvaret frå Skjåk kommune (skriftleg dokumentasjon).

Ved røysting:

Inge Kolås sitt endra framlegg fekk 3 røyster

Hege Robudal Stenkløv sitt endra framlegg fekk 6 røyster og vart vedteke

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding ...»

<https://drive.google.com/file/d/0B8HnzDq3wtJLUXNaNnVYa3BpaEk/view>